

KULTUR & DEBATT

Kulturredaktør **FRODE BJERKESTRAND** mobil 97978790 Nyhetsleder: **TONJE AURSLAND** tlf. 55 21 45 22 e-post: kultur@bt.no/debatt@bt.no

Roald Dahl – eit hundreårsjubileum

Filmen «SVK – Store vennlige kjempen» byggjer på ei bok av Roald Dahl, og har noregspremiere denne helga. Det er neppe tilfeldig, om nokre veker er det 100 år sidan forfattaren vart fødd.

FORFATTARJUBILEUM



GUNNSTEIN AKSELBERG
Professor i nordisk språkviten-
skap ved Universitetet i Bergen

FREDAG 22. JULI I ÅR hadde fleire av dei engelske storavisene oppslag om den siste spelefilmen til regissøren Steven Spielberg, som hadde premiere i London i slutten av juli. Filmen har engelsk tittel «BFG», eit akronym for «Big Friendly Giant». Den norske tittelen er «SVK», «Store Vennlege Kjempe», og filmen har norsk primære i august. Den byggjer på barneboka med same namn – av den britiske forfattaren Roald Dahl – som kom i engelsk utgåve i 1982 og på norsk i 1984.

Tidspunktet for filmsleppet er ikkje tilfeldig. Roald Dahl vart fødd 13. september 1916. Difor er det i år mange 100-årsmarkeringar for Roald Dahl – særleg i Storbritannia, mellom anna i Cardiff.

AVISA THE GUARDIAN vurderer filmen hovudsakleg på filmatiske premisser, medan avisa The Times – som prioriterer filmen med to heile avissider – er meir oppteken av bakgrunnen for filmen og Spielberg sitt tilhøve til Roald Dahl. Begge avisene er samde om at dette er ein storvegse film når det gjeld filmteknikk, skodespelarprestasjonar og innhald. The Times er dessutan oppteken av dei «mørke» sidene til Dahl, både dei som finst i litteraturen hans og dei som han sjølv representerte.

The Times set spesielt Roald Dahls antisemittisme i fokus. Avisen knyter dette til ei utsegn Dahl kom med til The New Stateman i 1983, der han formulerte seg slik: «Even a stinker like Hitler didn't just pick on them for no reason» («Sjølv ein råtass som Hitler gjorde dei [jødane] ikkje til offer utan grunn»). Spielberg, som sjølv vart utsett for antisemittisme under oppveksten i ein jødisk familie i Phoenix, Arizona, seier at han skulle ønske at Roald Dahl hadde brukt andre emne for å få merksemd, enn ein slik sleivete kommentar. Kommentaren til Dahl går inn i rekkja av provoserande uttrykk som han ofte nytta for å få merksemd, meiner Spielberg. Dahl kunne vera både provoserande og vulgær, men Spielberg ville ha produsert filmen sjølv om han på førehand hadde visst om dette. Det finst lyse og mørke sider i historiene til Dahl, som det fanst lyse og

mørke sider i utsegnene til Roald Dahl, er konklusjonen til Spielberg.

VERKEN THE GUARDIAN eller The Times nemner den norsk-walisiske bakgrunnen til Roald Dahl. Den austnorske bakgrunnen hans er velkjend med mor frå Oslo, far frå Sarpsborg, familiens feriestad på Tjøme og Fevik Hotel som familiens stamhotell ved Grimstad – og dessutan at han er kalla opp etter Roald Amundsen og snakka (aust) norsk i sine yngre år. Men hans nære tilknytning til den norske sjømannskyrkja i Cardiff – der Vestlandet har spela ei viktig rolle, er derimot lite kjend.

Roald Dahl hadde sterk walisisk-norsk tilknytning. Han vart fødd i Llandaff, rett nord for Cardiff i Wales. Faren, Harald Dahl, kom til Cardiff som forretningsmann og etablerte firmaet «Aadnesen and Dahl», med sete i det sentrale forretningsområdet i Cardiff. Roald Dahl vart døypt i sjømannskyrkja i Cardiff i 1916 og vart seinare konfirmert der, av di familien Dahl hadde nær tilknytning her i mellomkrigstida. Sjømannskyrkja var nok særleg viktig for mora – og kanskje ein av grunnane til at ho ikkje flytta tilbake til Noreg i 1920, då far til Roald Dahl døde. Kyrkja i Cardiff var ein viktig samlingsstad også for fastbuande nordmenn.

CARDIFF VAR PÅ 1800-TALET ei av dei tre viktigaste hamnene i Storbritannia. Berre London og Liverpool var større. Den norske handelsflåten var då den tredje største i verda, og Cardiff vart difor ei av dei viktigaste hamnene for flåten. Difor vart det bygd sjømannskyrkje her – i Cardiff Bay – i 1868.

Vel 90 år seinare – i 1959 – bestemte Sjømannsmisjonen å leggja ned sjømannskyrkja i Cardiff grunna nedgang i handelen her. Ved hjelp av private midlar heldt ein likevel oppe aktiviteten i rundt 15 år til, men i 1974 vart kyrkja endeleg stengd. Etter kvart vart det så tatt initiativ til ein verneorganisasjon – skipa i 1987 – for å gjenreisa kyrkja. Organisasjonen hadde trong for pengar til materiale, oppattbygging og vedlikehald, og Roald Dahl vart den første presidenten. Oppattbygginga begynte i 1991 og kyrkja vart nyopna av prinsesse Märtha Louise 17. mai i 1992. Roald Dahl døde i 1990 og fekk ikkje oppleve nyopninga. I dag er kyrkja eit kunst- og kultursenter og ber namnet «The Norwegian Church Arts Center».

I 1995 vart The Welsh Norwegian Society skipa her, der målet er å styrkja banda og skapa større forståing mellom walisarar og nordmenn, gjennom felles deltaking i kulturelle aktivitetar knytt til den norske arven.



BUCKINGHAMSHIRE 1966: Roald Dahl saman med si amerikanskfødde kone Patricia Neal, og deira dotter, ni månader gamle Lucy Neal Dahl, fotografert i heimen i Great Missenden, Buckinghamshire, England.

FOTO: AP



CARDIFF: Roald Dahl hadde eit bankande hjarte for sjømannskyrkja i Cardiff, eller «The Norwegian Church Arts Center», som er namnet i dag.

FOTO: SJØMANNSKYRKJA

HORDALAND FYLKESKOMMUNE har spela ei viktig rolle både i nettverksarbeidet mellom den walisarar og nordmenn og ikkje minst i restaureringsarbeidet. Samla brukte Hordaland fylkeskommune om lag 450.000 kroner på restaureringsprosjektet, til treverk og til arbeid ved hjelp av fagfolk frå Vestlandet.

Den nederlandske seglbåten «Tres Hobres» vart i 2011 lasta med tømmer frå Osterøy. Tømmeret var konserverert med kvae og vart nytta til å restaurera inngangspartiet.

Det heile var ei gåve frå fylkeskommunen. Til saman vart kyrkja restaurert for fem millionar kroner dette året.

Kyrkja er i dag eit kulturikon og som «alle» i Cardiff kjenner. Sentrale personar i Hordaland fylkeskommune har vore særleg aktive i nettverks- og restaureringsarbeidet, og dei har besøkt kyrkja i Cardiff fleire gonger. Hordaland fylkeskommune har samarbeidd med sjømannskyrkja i over 30 år.

I hamneområdet der kyrkja no er gjenreist, i hjartet av Cardiff, er det opna



ein Roald Dahls Plass. Her finst Wales Millennium Centre, som er det fremste kunstsenteret i Wales. Walisiske media har forresten kommentert skrivemåten Roald Dahls Plass, som dei meiner er ukorrekt for Roald Dahl Plass. Lite har dei visst at namnet er normert etter norsk stadnamnormering.

I DET SISTE JULINUMMERET til det britiske litteraturtidsskriftet *The Times Literary Supplement*, som kjem ein gong for veka, får Roald Dahl to heile sider. Her vert det lagt vekt på at Roald Dahl var ein regelbrytar, ein som var særleg kritisk til og heldt stor avstand til autoritetar – særleg dei i form av institusjonar. Dette var ei haldning han utvikla då han gjekk kostskule i England i mellomkrigstida, der det fanst sadistiske rektorar, maktsjuka klasseforstandarar, usunne sovesalar og eit stendig trugsmål om fysisk straff.

I dette perspektivet er Roald Dahl sitt bankande hjarte for sjømannskyrkja i Cardiff særleg interessant. Den norske bakgrunnen til Dahl var viktig for han, og i den sjølvbiografiske boka «Boy» fortel han mellom anna at «going to Norway every summer was like going home» – sjølv om han elles presiserte at han var «very English indeed». Dessutan kan det vera slik at den antiautoritære Dahl i den norske sjømannskyrkja i Cardiff møtte ein antiautoritær organisasjon som tiltala han sterkt. Difor den sterke tilknyttinga.

I ANDRE ETASJE i den gjenreiste sjømannskyrkja i Cardiff, no «The Norwegian Church Arts Center», finst eit biletgalleri med skiftande utstillingar av foto og arbeid av lokale kunstnarar. Galleriet er – naturleg nok – kalla The Dahl gallery. Kvart år i september vert fødselsdagen til Roald Dahl feira her med ei fargerikt samkome for ungane. Alt til ære for den store forfattaren.

Hordaland har vore med å redde sjømannskyrkja ved innsamlingsaksjonar tidlegare. Kanskje kunne 100-årsfeiringa i år og 25-årsjubileet for gjenreisninga til neste år vera høvelege tidspunkt til på ny å styrkja dei vestnorske banda til Cardiff, kultursenteret knytt til den gjenreiste sjømannskyrkja og Roald Dahl-tradisjon.

I forbindelse med at det er 100 år sidan Roald Dahl vart født, vil Cinemateket denne hausten visa «Heksene», «Charlie og sjokoladefabrikken» og «Den fantastiske Mikkel Rev».

OSLO 1985: Roald Dahl fotografert i forbindelse med eit intervju.

FOTO: INGE GJELLESVIK, SCANPIX